



POLITIET



Luster kommune

**Samarbeidsavtale
mellom Luster kommune
og Vest politidistrikt**

Avtalen er inngått og signert den 11.7.19

Avtale om tenestetilbod

Mellom Luster kommune og Vest politidistrikt

Avtalen er inngått og signert

Innhald


1. Innleiing /formål	3
2. Organiseringa til politiet	3
3. Tenestetilbod.....	3
4. Politikontakten.....	5
5. Politiråd.....	7
6. SLT (samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).....	7
7. Forventningar til samarbeid	8
8. Spesielle fokusområde	9
9. Organisering av samarbeidet	10
10. Administrative forhold	10
11. Evaluering	11

1. Innleiing /formål

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein av de viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast i Nærpolitireforma og skal difor ha stort fokus. I samband med dette kan det lagast gjensidig forpliktande avtale mellom politiet og kommunen om tenestetilbod, politikontaktens rolle, politiråd og SLT.

Det er nødvendig med gjensidige forpliktingar for at det førebyggjande arbeidet skal fungere best mogleg. Det er difor ynskjeleg å skildre både kva politiet og kommunen kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulera arbeidet både på utøvande og strategisk nivå.

2. Organiseringa til politiet i Sogn lensmannsdistrikt



3. Tenestetilbod

Tenestetilbodet skisserer kva innbyggjarane skal kunne forventa av lokalt politi. Avtalen skal skildre beredskap, førebygging, responstid, opningstider m.m.

Sogndal lensmannskontor skal ivareta følgjande kvalitetskrav:

- Ta i mot politimelding, søknader og andre førespurnader, samt gje publikum rettleiing om politiets tenestetilbod.
- Bidra til eit kvalitetsløft for etterforskningsarbeidet.
- Tenestestaden skal lokaliserast slik at minst 90 % av innbyggjarane har maksimalt 45 minuttar køyretid til næraste tenestestad.
- I høgsesong for pass vil Sogndal lensmannskontor ha utvida opningstider som eit servicetilbod til innbyggjarane.

Publikumsekspedisjon

Ved lensmannskontoret i Sogndal har ein publikumsekspedisjon med tilbod om b.la pass. Time til pass må bestillast på Politi.no.

I publikum ekspedisjonen vil publikum kunne melde forhold og få hjelp knytt til forvaltningsoppgåver eller få råd knytt til andre problemstillingar.

Opningstider:

mån-tors: 09:00-15:00

fredag: 09:00-14:00

Det vert fortløpande lagt ut ekstratimar/langdagar knytt til passbestilling etter førespurnad.

Beredskap

Sogndal lensmannskontor har døgnkontinuerleg vakt- og beredskap for kommunane: Luster, Sogndal og Leikanger. Patruljen vert styrt av Politiets operasjonssentral til ein kvar tid.

Det er politisk bestemt på nasjonalt nivå at det er krav til responstida. Responstida er den tida det tek frå politiet tek i mot ei melding til fyrste politipatrulje er på staden. Krava gjeld ekstraordinære hendingar, hendingar der liv er direkte truga og/eller der det straks er behov for innsats frå politiet.

Krava er følgjande:

- ❖ Færre enn 2000 innbyggjarar: 80% av den type hendingar som er nemnt over, skal handterast innan 30 minuttar.
- ❖ Mellom 2000 og 20.000 innbyggjarar: 80% av den type hendingar som er nemnt over, skal handterast innan 17 minuttar.
- ❖ Over 20.000 innbyggjarar: 80% av den type hendingar som er nemnt over, skal handterast innan 12 minuttar.

Etterforsking

Kvar tenesteeining i Sogn lensmannsdistrikt har tenestepersonar i kombinert teneste. Dette vil sei at kvar einskild har både vakt og beredskap, samt etterforsking som sine primæroppgåver. Lokalt politi samarbeida med etterforsking avdelinga i Sogn og Fjordane, og spesialavdelingar i Bergen i særskilte straffesaker.

Mykje av etterforskinga, som tidlegare vart utført inne på kontora, vil no finna stad der det straffbare forholdet har funnet stad. Patruljemannskapa tek avhøyr av involverte ute i feltet, i tilknytning til ei hendig, eller dreg heim til vedkommande.

Kriminalitetsførebyggande arbeid

Kvar tenestestad har medarbeidarar som har førebygging som sine hovudoppgåver. Desse skal følgje politikontaktrollen, delta i tverrfagleg samarbeid og vere tett på skular, barnehage, barnevern og andre i lensmannsdistriktet som det er naturleg at politiet samarbeida med. Politiet vil mellom anna fylgje opp straffesaker på ungdom under 18 år,

gjennomføre samtalar ved grunn til uro, ha føredrag/undervisning og ha ein aktiv rolle i gjennomføring av førebyggjande straffereaksjonar.

Politiet skal risikovurdera og førebyggje gjentatt partnervald og æresrelatert vald.


Samtidig er det viktig å presisera at kriminalførebygging skal være politiets nye primærstrategi på alle våre verksemdsområder. I samband med dette vert det arbeid med ein heilskapleg plan for det førebyggjande arbeidet i Vest politidistrikt.

Namsmannen

Namsmannen held til i 3. etg. ved Sogndal lensmannskontor med eigen vakttelefon, 40038 358. Opningstid måndag – torsdag 10 – 14, fredag stengt.

4. Politikontakten

Politikontakt/politiråd er ein av politireformens seks prioriterte funksjonar.



Luster kommune har sin eigen politikontakt.

Politikontakten er tenestestaden sin daglege kontaktledd med kommunen og rådgjevar innan kriminalitetsførebyggjande verksemd. Politikontakten skal følgje opp at politiet har nødvendig kontakt med kommunen, og har ansvar for at anbefalingar i SLT og politiråd vert fylgt opp i lensmannsdistriktet.

Hovudoppgåver

- sørge for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling mellom politiet og samarbeidsaktører i kommunen
- følge med i kriminalitetsbilette og trendutvikling, sikre rett bruk av metode og tiltak, og ha tett samarbeid med etterretningsfunksjonen
- ha god kunnskap om spesielle forhold i eige distrikt
- vera pådrivar for at politiråd og SLT-samarbeidet fungera i Luster.
- ha faste møtepunkter i kommunen innanfor tenestestaden sitt ansvarsområde, etter forpliktande avtale mellom tenestestaden og kommunen
- sørge for kontakt med andre offentlige myndigheiter, næringslivet, interesseorganisasjonar, frivillige organisasjonar og ulike grupper i samfunnet

Politikontakten er fast deltakar i lokalt Politiråd.

Organisering i Luster kommune

Familieforum fungera som lokal SLT koordineringsgruppe. Kommunen følgjer dermed Kompetansesenteret si anbefaling i bruk av SLT – modellen:

1. Overordna nivå: Politiråd
2. Koordineringsnivå: Familieforum
3. Utøvande nivå: Skular, barnehagar, politi, frivillige org, næringsliv m.m.

Familieforum er eit tverrfagleg samarbeidsmøte på systemnivå. Det er ein møteplass for faggrupper som har barn, unge eller familiar som målgruppe.

Faste medlemmar:

- Leiande helsesjukepleiar, PPT, NAV, Flyktningtenesta, Folkehelsekoordinator, Politikontakt, Sogn barnevern, Ruskonsulent, Kommunepsykolog, Psykisk helseteam, Pedagogisk konsulent barnehage, Konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne, Jordmor, Helsestasjonslege og Fysioterapeut.
- BUP er med på møta 4 ggr./år og v/b.
- Møte 1 gong per månad.
- Leiande helsesjukepleiar kallar inn, set opp møteplan og skriv referat.
- Prosedyre for familieforum ligg i Luster kommune sitt kvalitetssystem.

5. Politiråd

Politirådet vert leia av ordførar.

Samarbeidsavtale mellom Luster kommune og politi

Det er inngått samarbeidsavtale mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Luster og Sogn lensmannsdistrikt om felles interkommunalt Politiråd (vedlegg).

Avtalen gjeld fram til 01.01.2020.

Satsingsområde for perioden:

- Kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbildet.
- Forankring av SLT Politiråd LLS i politiet og kommunane Luster, Leikanger og Sogndal.
- Eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge.
- Førebygging mot utsette grupper.
- Tett oppfølging av utsette grupper.

Det er utarbeida felles handlingsplan – gjeldande til 01.01.2020 (vedlegg)

6. SLT (samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak)

Hensikta med SLT er at lokale offentlege og frivilljuge ressursar arbeider etter ein felles og vedteken strategi mot felles mål. SLT-koordinatoren er drivkrafta i dette arbeidet. Det skal etablerast eit tett og formalisert samarbeid mellom lokalt politi og sentrale samarbeidspartnarar, som til dømes barnevern, utdanningsinstitusjonar og NAV. SLT-modellen er en samordningsmodell som nyttast av om lag 200 kommunar. Politiet anbefala bruk av SLT modellen. Meir informasjon finn ein ved å gå inn på www.kriminalitetsforebygging.no.

Satsingsområder

1. Organisere modellen med Familieforum og Politiråd
2. Tverrfagleg samarbeid – Familieforum
3. Bygge og sikre trygge oppvekstmiljø og inkluderande skular for utsette barn og unge – bygge nærvær i lokalsamfunna.
4. Nav/ flyktingetenesta i Luster kommune-særskilt oppfølging av flyktingeborn og deira familiar.
5. Sogn barnevern er representert i Familieforum.
6. Førebygging og oppfølging - hatkriminalitet, ekstreme holdningar, radikalisme og voldelig ekstremisme
7. Luster kommune arbeider med eigen handlingsplan for vald og overgrep i nære relasjonar.
8. Koordinere kommunen sitt arbeid med barn som pårørande - utarbeide og følgje opp rutinar, gjennomføre opplæring, innføre kommunale barneansvarlige og etablere samarbeid med eksterne samarbeidspartnaren
9. Hjelpa til i kommunen sitt arbeid med vald i nære relasjonar

10. Tidleg innsats - bidra i det førebyggande arbeidet i barnehage og helsestasjonstjenesta
11. Tverrfaglig samarbeid i rus- og psykiatritjeneste.
12. Foreldrekurs COS.
13. Ungdomen sitt kommunestyre.
14. Luster kommune bidreg med nattugler inn i det interkommunale samarbeidet med Sogndal kommune.

7. Forventningar til samarbeid

Samarbeidet er gjensidig. Det er difor viktig at avtalen omhandlar forventningar begge vegar. Det er viktig at initiativ frå politiet vert teke vidare til politisk handsaming. Til dømes i høve politivedtekter, barnevern, trafikale forhold og ruspolitisk handlingsplan.

Forventningar frå Luster kommune:

- Medverka i SLT arbeidet , særleg inn mot barn og unge og gjennomføre avtalt tiltak - jf. handlingsplan m/politiråd (vedlegg).
- Kort responstid.
- Skapa trygge lokalsamfunn. Tryggleiken til innbyggjarane skal ivareta både det fysiske og digitale rom.
- Førebyggja og halde nede kriminalitet, særleg vald i nære relasjonar og alvorleg organisert kriminalitet.
- Sikra samfunnssikkerheit og beredskap.

- Medverka til å sikre ferdselstrasear og tryggleik i trafikken.
- Lokalt politi er ein aktiv samarbeidspart og høyringsinstans i kommunen sitt arbeid med planar knytt til rus, vald og kriminalitetsførebygging.
- Luster har mange ungdommar på hybel i Sogndal. Difor forventar kommunen at det lokale politiet held fram med å ha særskilt fokus på 10. klasse og overgang til hybel og vidaregåande skule.

- Medverka i samordningsmodell for lokale, førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet, særleg for barn og unge
- Førebyggje og redusere arbeidsmarknadskriminalitet og kriminalitet retta mot næringsliv
- Sørgje for at arbeidet med førebygging av radikalisme og valdelig ekstremisme er koordinert

Forventingar frå politiet:

- Ein ventar at Luster kommune set av nok ressursar slik at det førebyggjande arbeidet i kommunen til ei kvar tid har naudsynt fokus og er organisert på ein god og effektiv måte.
- At kommunen tek del i samarbeidet med politiet.
- At kommunen bidreg i å vurdere naudsynte tiltak i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Her og inn mot ungdom som bur på hybel i Sogndal.
- At kommunen legg til rett for førebyggjande tiltak som politiet opplever som naudsynte for å skapa endring
- At kommunen deltek i samarbeidsfora med politiet.

- At kommunen bidreg til å vurdere kva for tiltak som kravst i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.
- At kommunen legg til rette for førebyggjande tiltak som politiet opplever som nødvendige for å skape ei endring.
- At kommunen følgjer Kompetansesenteret for kriminalitetsførebygging sin anbefaling med å anvende SLT-modellen i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Vidare at SLT-stillinga vert plassert etter tilråding frå Kompetansesenteret.
- At kommunen legg til rette for at politiet får besøke skulane med undervisningsopplegg som vert sett på som viktig for å førebyggja kriminalitet og haldningskapande arbeid.

8. Spesielle fokusområde

Syner her til lokale mål som er forankra i Politirådet.

1. Politirådet skal leggja til rette for eit tett og formalisert samarbeid mellom lokalt politi og viktige samarbeidspartnerar som mellom anna barnevernet, NAV, skule, barnehage gjennom lokale politiråd og SLT-samarbeidet.
2. Politirådet skal vere ein pådrivar for at barn og unge i Luster kommune skal ha trygge oppvekstvilkår.
3. Politirådet skal vere ein pådrivar for iverksetjing av nye kriminalitetsførebyggjande tiltak ved behov, då spesielt knytt til oppfølging av barn og unge.
4. Politirådet skal leggja til rette for førebygging og samkøyrte oppfølging av saker som handlar om radikalisme, voldeleg ekstremisme, opne russcener, familievold og sedlegheit.
5. Politirådet skal leggja til rette for gode samarbeidsarenaer og samarbeidsrutinar mellom lokalt politi og næringslivet, da spesielt knytt til førebygging av utelivsvold og anna utelivsproblematikk og arbeidslivskriminalitet.
6. Politirådet skal leggja til rette for at kommunen og politiet samordnar sin innsats innan samfunnssikkerheit og beredskap.

8. Politirådet skal leggja til rette for å samordna planlegging og gjennomføring av arrangement

9. Politirådet skal leggja til rette for effektiv handsaming av saker der politiet og kommunen er gjensidig avhengige av kvarandre.

9. Organisering av samarbeidet

Lokalt politiråd

Leiing/sekretariatsfunksjon:

Leiing:	Kommunen/Politiet
Møteleiing:	Ordfører i Luster kommune.
Sekretariat:	Luster kommune

Faste møtepunkter/agenda:

- Opning og gjennomgang av referat v/ordfører
- Saker frå Luster kommune
- Saker frå politiet
- Status frå samarbeidsarenaer
- Felles problemforståing og førebyggingsfokus
- Felles kommunikasjonsstrategi
- Eventuelt

Møteverksemd

Det skal haldast 4 møter i de lokale politirådene kvart år, eit i kvartalet. Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinære møter.

De lokale politirådene er som et minimum samansett av representantar frå lokal leiing i kommunen og leiing i lokalt politi, der begge parter kan forplikte egne organisasjonar.

Det skal utarbeidast ein langsiktig møteplan.

10. Administrative forhold

Det er viktig at det er ein raud tråd frå det som vert gjort av førebyggande arbeid på utøvande nivå og det som det snakkas om og bestemt i sentralt Politiråd. Følgjande er tenkt:

Ordfører i Luster kommune leder lokalt politiråd. I denne samanheng er det folkehelsekoordinator i Luster kommune som fungerer som SLT-koordinator. Denne er pådrivar for at saker som er bestemt i Politiråd vert fylgt opp, i samarbeid med politikontakten. SLT koordinator og politikontakt har ansvar for at saker som blir tatt opp, blir løftet opp til politirådet ved behov for forankring og prioritering.

11. Evaluering

Politikontaktordninga må evaluerast undervegs og nødvendige tilpassingar gjennomførast undervegs. Tenestetilbudsavtalen kan evaluerast årlig. I tillegg er det utgitt rettleiar frå Politidirektoratet for evaluering av politirådet.



Lensmannen i Sogn
Vest politidistrikt




Ordførar
Luster kommune

